

2. Den samiske lekkasjen i grunnskulen

Øystein A. Vangsnes, professor i nordisk språkvitskap, UiT Noregs arktiske universitet

2. Den samiske lekkasjen i grunnskulen.....	1
Samandrag.....	1
2.1 Innleiing	2
2.2 Bakgrunn.....	4
2.2.1 Samiske læreplanar og samiske språk i den norske grunnskulen.....	4
2.2.2 Elevtalsutvikling i grunnskulen 2009–2020	5
2.2.3 Kort om elevtalsutvikling i vidaregåande opplæring 2013–2020.....	7
2.3 Kullvis elevtalsutvikling.....	9
2.3.1 Metode og utval	9
2.3.2 Nordsamisk.....	10
2.3.3 Lulesamisk og sør-samisk	12
2.3.4 Finnmark versus Troms.....	13
2.4 Tolking, forklaring og vidare kunnskapsbehov.....	16
2.4.1 Kort oppsummering.....	16
2.4.2 Nynorsk-lekkasje og samisk-lekkasje	16
2.4.3 Årsaker til den samiske lekkasjonen	18
2.4.4 Språkbevaring versus språkvitalisering	19
2.5 Konklusjon.....	20
2.6 Tilrådingar	21
Referansar og datakjelder.....	22

Samandrag

Denne artikkelen ser på den gjennomsnittlege kullvise utviklinga av samiskelevar i grunnskulen trinn 1–10 i perioden 2003–2011. Undersøkinga viser at det er eit omfattande tap av elevar frå samiskundervisninga. Om lag 20 prosent av førstespråkselevane som startar på første trinn, sluttar med samisk 1-opplæring i løpet av grunnskulen, over 30 prosent av andrespråkselevane sluttar med samisk 2, og over 60 prosent av elevane som byrjar på samisk 3, sluttar med

samiskopplæringa. Undersøkinga legg mest vekt på tala for nordsamisk, som er store nok til at ein kan sjå tydelege mønster, men også tal for lulesamisk og sør-samisk vert presenterte og diskuterte. Fråfallet frå samiskundervisning blir omtalt som «den samiske lekkasjen» etter mønster av korleis det utstrekke bytet av hovudmål frå nynorsk til bokmål i den norske skulen har blitt omtalt som «den nynorske lekkasjen». I eit vidare perspektiv er det heilt klart at fråfallet frå samiskundervisninga er uheldig med tanke på framtidia for samisk språk og skulens rolle for samisk språkvitalisering. Det er såleis ønskjeleg med undersøkingar som kan avdekka årsakene til den samiske lekkasjen, slik at ein i neste omgang kan treffa tiltak for å minska han.

2.1 Innleiing

Det er velkjent at mange elevar med nynorsk som hovudmål byter til bokmål i løpet av skulegangen. Dette har av somme vorte kalla «den nynorske lekkasjen» (t.d. Grepstad 2004, 2012, St.meld. nr. 35 2007–2008; sjå Wold 2019 for ei oversikt), og temaet har vore vigg mykje merksemd både blant forskrarar, styresmakter og språkpolitiske organ.

Det finst ein samisk parallel til dette bytet frå det minst brukte til det mest brukte norske språket innanfor skuleverket: Mange elevar med opplæring i samisk sluttar med det i løpet av skulegangen. Såleis finst det også ein «samisk lekkasje» i utdanninga, og dette er temaet for denne artikkelen.

I skuleåret 2020/2021 var det 2522 elevar i den norske grunnskulen (trinn 1–10) med opplæring i eit samisk språk, når ein ser dei tre språka nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk og dei tre opplæringsmodellane samisk 1, samisk 2 og samisk 3 under eitt. Dette går fram av databasen Grunnskolens informasjonssystem hjå Utdanningsdirektoratet (heretter «GSI-databasen»). Talet er ein oppgang frå 2409 i skuleåret 2019/2020, altså 4,7 prosent på eitt år. I skuleåret 2018/2019 var talet 2394. Tabell 2.1 viser den trinnvise fordelinga av elevane for dei tre nemnde skuleåra.

Tabell 2.1 Trinnvis fordeling av elevar med samiskopplæring for skuleåra 2018/19, 2019/20 og 2020/21.

Skuleår vs. trinn	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Totalt
2018/19	231	279	296	307*	252	234	243	200	190	162	2394
2019/20	256	252	288*	285	284	235	220	227	185	177	2409
2020/21	262	296*	274	294	284	272	240	200	217	183	2522

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI-databasen).

*Trinnet med høgst elevtal i det aktuelle skuleåret

I denne tabellen kan me leggja merke til fleire forhold. For det første ser me at det alle åra er fleire førsteklassingar enn tiandeklassingar. For det andre er det alle år eit høgare elevtal i andre enn i første trinn, og i 2018/2019 er det høgste elevtalet i fjerde trinn (307), medan det er høvesvis i 3. og 2. trinn for dei to neste skuleåra (288 og 296).

Men tala i tabell 2.1 fortel oss likevel ingenting om kor mange som starta på første trinn den gongen tiandeklassingane i desse tre skuleåra byrja på skulen. Var dei fleire den gongen, og i så fall kor mange fleire? Korleis utvikla desse kulla seg i løpet av dei ti åra dei gjekk i grunnskulen?

Litt kullvis informasjon ligg det i tabellen, noko skuggelegginga med ulike gråtonar er meint å gjera det lettare å sjå. Me ser til dømes at dei 231 seksåringane som starta med samiskopplæring i første trinn i 2018/2019, vart til 252 sjuåringar i andre trinn i 2019/2020 og til 274 åtteåringar i tredje trinn i 2020/2021. Dei vart altså 44 fleire på dei tre åra. Tilsvarande ser me at dei 234 elevane på sjette trinn i 2018/2019 vart til 220 sjuandeklassingar i 2019/2020 og til 200 åttandeklassingar i 2020/2021. Frå fjerde trinn og utover vert det færre elevar i kvart kull i desse tre skuleåra.

Vanlegvis når samiske elevtal vert presenterte og diskuterte, ser ein på oppgang eller nedgang i forhold til tidlegare skuleår i det totale elevtalet. Denne artikkelen er i så måte eit nybrottsarbeid ved at han har som mål å synleggjera den gjennomsnittlege kullvise numeriske utviklinga av samiskelevar i eit større talmateriale, brote ned på dei ulike modellane for samiskopplæring (samisk 1, 2 og 3) og dei tre samiske språka (nordsamisk, lulesamisk, sør-samisk). Framstillinga kjem til å visa at det er eit ikkje ubetydeleg fråfall frå samiskundervisninga i grunnskulen, altså at det finst ein samisk lekkasje blant born og unge på opplæringsfeltet. Håpet er at ein god dokumentasjon av dette kan bidra til å setja temaet på dagsordenen både i praksisfeltet og hjå styresmaktene, slik at ein i neste omgang kan søka etter forklaringar og setja inn tiltak for å motverka lekkasjen. For dette handlar om framtida til dei samiske språka. Dei borna og ungdommane som tileignar seg samisk språk, utgjer den viktigaste basen av framtidige brukarar og berarar av samiske språk, og dei som får formell opplæring i eit samisk språk gjennom skuleverket, står betre rusta til både å bli og bli verande aktive brukarar av språket også som vaksne.

Om ikkje anna er nemnt, er alle tal som vert presenterte nedanfor, henta frå den allment tilgjengelege GSI-databasen til Utdanningsdirektoratet. Undersøkinga er avgrensa til tal for grunnskulen og held vidaregåande opplæring utanfor. Avgrensinga er både fagleg, praktisk og strategisk motivert. Sjølv om det også hadde vore interessant å undersøka elevtal for elevar med samiskopplæring i vidaregåande skule, kan dei ikkje setjast i direkte samanheng med tala for grunnskulen: Nokre ungdommar ventar med, eller held ikkje fram med, vidaregåande opplæring, og vgs.-elevane fordeler seg på ulike tilbod der somme er toårige og andre treårige. Slik blir dei opphavlege kulla splitta opp, og vgs.-tala utgjer såleis ikkje eit direkte framhald av den samanhengande tiårsperioden grunnskulen representerer. Men viktigast av alt er det meir enn nok å seia om tala for skulepliktig alder, og det gir god mening å konsentrera seg om dei. Nokre tal for vidaregåande skule blir likevel lagde fram.

2.2 Bakgrunn

2.2.1 Samiske læreplanar og samiske språk i den norske grunnskulen

I den norske grunnskulen vert det undervist i samisk etter læreplanane samisk som førstespråk og samisk som andrespråk. Læreplanen i samisk som andrespråk omhandlar to ulike undervisningsopplegg, eitt for elevar som allereie har kunnskapar i samisk, og eitt for elevar som har få eller ingen kunnskapar i samisk frå før. Desse to variantane av samisk som andrespråk blir omtala som samisk 2 og samisk 3, medan samisk 1 viser til undervisningsopplegget som er omhandla i læreplanen for samisk som førstespråk.

Alle elevar med samisk 2 og 3 har norsk som opplæringsmål i andre fag, og ikkje minst skjer den viktigaste lese- og skriveopplæringa på og med norsk. Elevar med samisk 1 har den primære lese- og skriveopplæringa på samisk. Majoriteten av samisk 1-elevar har dessutan samisk som opplæringsmål, noko som vil seia at det meste av undervisninga også i andre fag skjer på samisk. I skuleåret 2020/2021 gjaldt dette 86,4 prosent av samisk 1-elevane. Dei resterande samiske førstespråkselevane har då norsk som undervisningsspråk i andre fag enn samisk. Ei meir detaljert skildring av opplæring i og på samisk i norsk skule finn ein i Rasmussen (2015).

Ein viktig skilnad mellom dei ulike læreplanane er timetalet. I utgangspunktet skal samisk 1-elevar ha fem timer samisk (som fag) i veka, samisk 2-elevar to til tre timer i veka noko avhengig av trinn, medan samisk 3-elevar har to timer i veka. I eit kollektivt språkbevarings- og (re)vitaliseringsperspektiv er samisk 1-elevane den viktigaste ressursen sidan dei som gruppe vil utvikla ein sterkare samiskkompetanse enn dei to andre gruppene.

Det blir undervist i og på tre ulike samiske språk i den norske skulen – nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk – og for kvart av dei finst det elevar som følgjer samisk 1, 2 og 3. Tabell 2.2 viser fordelinga av elevar på dei tre språka og dei tre undervisningsmodellane i den norske grunnskulen skuleåret 2020/2021.

Tabell 2.2 Talet på elevar med samiskopplæring i grunnskulen skuleåret 2020/2021 samla og fordelt på språk og opplæringsmodell.

	Til saman		Samisk 1		Samisk 2		Samisk 3	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Totalt	2522	100	1011	100	834	100	677	100
Nordsamisk	2308	91,5	943	93,3	728	87,3	637	94,1
Lulesamisk	113	4,5	33	3,3	56	6,7	24	3,5
Sør-samisk	101	4,0	35	3,4	50	6,0	16	2,4


Nordsamisk er det desidert største av dei tre språka: 91,5 prosent av elevane har opplæring i dette samiske språket, og blant førstespråkselevane gjeld det 93,3 prosent. Til saman har lule- og sør-samisk då 6,7 prosent av samisk 1-elevane, medan dei utgjer 12,7 prosent av samisk 2-

elevane og 5,9 prosent av samisk 3-elevane. Det er altså relativt sett fleire lule- og sør-samiskelevar enn nordsamiskelevar som har den sterkaste av dei to variantane av samisk andre-språksopplæring, men samtidig færre som har førstespråksopplæring. Om ein slår saman tala for samisk 2 og samisk 3, utgjer lule- og sør-samiskelevane 9,7 prosent.

2.2.2 Elevtalsutvikling i grunnskulen 2009–2020


Som nemnt innleiingsvis er det 2522 elevar med samiskopplæring i skuleåret 2020/2021, noko som utgjer ein auke på 4,7 prosent frå året før. Dei siste tolv åra er auken på 8 prosent, frå 2336 i skuleåret 2009/2010. Dette er ein større auke enn i det samla norske elevtalet: I den same tolvårsperioden har det totale elevtalet i den norske skulen auka med 3,2 prosent frå 615 927 til 635 497, og den største auken har komme frå 2014 og framover. Til samanlikning har det for samiskopplæringa sin del først vore ein nedgang før det igjen har vore ein oppgang dei siste fem–seks åra. Denne utviklinga for det samiske elevtalet er vist i figur 2.1.

Figur 2.1 Det totale talet på samiskelevar i grunnskulen i tolvårsperioden 2009–2020




Figur 2.1 viser at endringar for nordsamisk gir dei største utslaga i totaltala. Når me bryt tala nærmare ned på læreplanar innanfor kvart språk, ser me for nordsamisk at samisk 2 er den einaste elevgruppa som har ein netto auke i perioden. Dette er vist i figur 2.2.

Figur 2.2 Elevtalsutvikling for nordsamisk i perioden 2009–2020




Den tilsvarende utviklinga for lulesamisk og sørsamisk er vist i figur 2.3 og 2.4.

Figur 2.3 Elevtalsutvikling for lulesamisk i perioden 2009–2020



Figur 2.4 Elevtalsutvikling for sørsamisk i perioden 2009–2020



Tala for lulesamisk og sørsamisk er små, men me ser at også for lulesamisk er det størst oppgang i samisk 2-gruppa, medan det for sørsamisk har vore ein oppgang i samisk 1-gruppa i perioden. For både lule- og sørsamisk er det flest elevar med samisk 2, men det er verdt å merka seg at det for lulesamisk er eit markant skifte i 2016 der det vert ein tydeleg oppgang av samisk 2-elevar på kostnad av samisk 3-elevane. For sørsamisk ser me elles at det i 2015 er ein stor oppgang i talet på samisk 2-elevar, som så i 2016 fell nesten like brått, men totaltalet for alle opplæringsmodellane stig likevel med ein tredjedel frå 74 elevar i 2014 til 100 i 2016

2.2.3 Kort om elevtalsutvikling i vidaregåande opplæring 2013–2020

Elevtal for vidaregåande skule er ikkje ein del av undersøkinga i denne artikkelen. Me tek likevel med nokre overordna tal for heilskapens skuld.

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk for fagval i vidaregåande skule på nettsida Fagvalg i videregående skole (sjå kjeldeliste). Statistikken, som startar med skuleåret 2013/2014, omfattar også val av samisk som første- eller andrespråk, som er dei to læreplanane som gjeld i vidaregåande opplæring. Tabell 2.3 viser dei samla tala for alle studierettingar og trinn, brotne ned på dei tre samiske språka det vert undervist i.

Tabell 2.3 Tal på elevar med samiskopplæring i den vidaregåande skulen i perioden 2013–2020.


Skuleår (hauktsemester)	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Samisk som førstespråk	242	203	213	204	209	205	178	202
Nordsamisk	226	192	205	200	205	200	174	195
Lulesamisk	11	7	3	1	1			1
Sørsamisk	5	4	5	3	3	5	4	6
Samisk som andrespråk	209	243	247	267	242	273	264	325
Nordsamisk	183	215	225	238	219	248	243	285
Lulesamisk	10	13	8	16	7	14	15	18
Sørsamisk	16	15	14	14	16	11	6	23
Til saman	451	446	460	471	451	478	442	527

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Av tabellen kan me rekna ut at lule- og sørsamisk i skuleåret 2020/2021 til saman utgjer 3,5 prosent av førstespråkselevane og 12,6 prosent av andrespråkselevane. Ovanfor såg me at dei tilsvarande tala for grunnskulen er 6,7 prosent for samisk 1, 12,7 for samisk 2 og 5,9 for samisk 3. Samla for samisk 2 og samisk 3 utgjer lule- og sørsamiskelevane 9,7 prosent av elevane. Med andre ord er andelen førstespråkselevar med eit av dei to minste samiske språka halvparten så stor i vidaregåande opplæring som i grunnskulen. For andrespråkselevane er det ikkje ei slik halvering av talet.

Figur 2.5 gir ei grafisk framstilling av elevtalsutviklinga for samisk som første- og andrespråk basert på tabell 2.3. Framstillinga viser at det har vore ein netto nedgang i talet på førstespråkselevar og ein netto oppgang i talet på andrespråkselevar. Frå 2019/2020 til 2020/2021 har det vore ein markant oppgang frå 442 til 527 elevar. Auken har først og fremst komme i samisk som andrespråk: For samisk som førstespråk er talet tilbake på same nivå som i 2018/2019 etter ein nedgang i 2019/2020.

Figur 2.5 Elevtalsutvikling for samiskopplæring i vgs. i perioden 2013–2020



2.3 Kullvis elevtalsutvikling

2.3.1 Metode og utval

Etter denne gjennomgangen av den generelle elevtalsutviklinga kan me no gå vidare til å sjå nærmare på korleis årskulla i grunnskulen utviklar seg. I GSI-databasen kan ein henta ut elevtal brotne ned på trinn, læreplan og språk for kvart einskilt skuleår. Det finst ikkje nokon funksjon i grensesnittet til databasen som automatisk reknar ut gjennomsnittlege antal elevar på kvart av dei ti trinna i grunnskulen for ein gitt tidsperiode. Det må difor gjerast manuelt ved at ein hentar ut tal per skuleår i ein gitt tidsperiode og parallelstiller tala for kvart kull slik at eit gjennomsnitt for kvart trinn over den valde tidsperioden kan reknast ut. I staden for å sjå på skuleår ser ein altså på årskull, og som ein illustrasjon av metoden kan tala i tabell 2.1 ordnast som vist i tabell 2.4.

Tabell 2.4 Kullvis organisering av grunnskuleelevar med samiskopplæring i dei tre skuleåra 2018–2021

	20–21	19–20	18–19	17–18	16–17	15–16	14–15	13–14	12–13	11–12	10–11	09–10
1.	262	256	231									
2.		296	252	279								
3.			274	288	296							
4.				294	285	307						
5.					284	284	252					
6.						272	235	234				
7.							240	220	243			
8.								200	227	200		
9.									217	185	190	
10.										183	177	162

I denne tabellen er orienteringa snudd slik at kvar førsteklasse er ordna bortover i den horisontale rekka, medan dei seinare trinna kjem i den vertikale rekka, men justert slik at kvart kull kjem i same kolonne: Andreklassingane under 19–20 er til dømes den same gruppa som førsteklassingane, og under til dømes 14–15 finn me eit femtetrinn, eit sjettetrinn og sjuandetrinn som alle er den same gruppa, men i ulike skuleår.


Etter desse forskyvingane der elevtala er ordna etter kull snarare enn skuleår, er det enkelt å rekna ut gjennomsnittlege tal trinn for trinn i til dømes eit reknearkprogram. For dei tomme skuggelagde cellene til høgre i tabell 2.4 finst det tal i databasen, medan det ikkje gjer det for dei tomme kvite cellene til venstre, sidan desse per juni 2021 enno ikkje har hatt elevar: Førsteklassingane i 2020/2021 vert andreklassingar i 2021/2022, tredjeklassingar i 2022/2023 osv. Det betyr at det berre er for kulla som starta i 2011 og tidlegare, at me kan rekna ut eit gjennomsnitt for alle dei ti grunnskuletrinna og dermed sjå korleis kulla utviklar seg gjennom skulelopet.

I gjennomgangen som følgjer, vert det særleg lagt vekt på nordsamisk sidan det der er store nok tal til at biletet blir tydeleg, men det vil òg bli presentert tal for lulesamisk og sørsamisk. I tillegg skal stoda i Finnmark og Troms samanliknast sidan det kan gi oss interessant informasjon om skilnaden på å vera og ikkje vera eit kjerneområde for samisk språk.

2.3.2 Nordsamisk

Til undersøkinga har eg valt ut årsklassane/kulla som starta i første trinn i perioden 2003–2011. Dette utgjer til saman ni årsklassar. Tala for nordsamiskelevar, brotne ned på læreplanar, er gitt i tabell 2.5–2.7. Sidan samisk 3 (som variant av læreplanen i samisk som andrespråk) først vart innført i 2006, er gjennomsnittet for trinn 1–3 vekta i denne gruppa. Figur 2.6 gir ei grafisk samanfatting av tala i tabellane og viser også den samla utviklinga for alle dei tre opplæringsgruppene. Eg viser først figuren, deretter tala.

Figur 2.6 Gjennomsnittleg storleik og utvikling av kull med nordsamiskelevar som starta i første klasse i perioden 2003–2011



Tabell 2.5 Tal på elevar med nordsamisk 1 for årskulla som starta i perioden 2003–2011.**Kvart årskull er ordna kolonnevis etter oppstartsår med storleik frå 1. til 10. trinn.**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Gj. snitt
1.	93	94	92	124	94	101	85	91	96	96,7
2.	100	89	94	128	91	99	82	88	88	95,4
3.	94	94	100	129	92	96	72	85	93	95,0
4.	93	86	101	110	89	96	72	83	92	91,3
5.	91	88	104	105	86	86	81	83	82	89,6
6.	90	88	93	105	85	86	74	78	87	87,3
7.	87	88	89	102	83	86	67	77	78	84,1
8.	89	84	89	99	83	76	74	77	91	84,7
9.	85	77	85	87	66	82	73	80	78	79,2
10.	85	72	83	90	68	74	68	71	75	76,2

Tabell 2.6 Tal på elevar med nordsamisk 2 for årskulla som starta i perioden 2003–2011.**Kvart årskull er ordna kolonnevis etter oppstartsår med storleik frå 1. til 10. trinn.**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Gj. snitt
1.	82	85	86	57	53	48	43	51	57	62,4
2.	87	112	72	68	60	66	56	63	56	71,1
3.	93	72	56	65	53	54	55	46	52	60,7
4.	83	57	62	63	65	66	51	50	68	62,8
5.	50	68	69	56	39	48	48	70	66	57,1
6.	48	51	49	58	44	50	55	49	51	50,6
7.	47	44	45	53	58	61	36	40	68	50,2
8.	56	32	52	66	43	49	43	51	53	49,4
9.	44	42	53	74	49	37	42	43	49	48,1
10.	39	42	57	59	44	45	47	42	50	47,2

Tabell 2.7 Tal på elevar med nordsamisk 3 for årskulla som starta i perioden 2003–2011.**Kvart årskull er ordna kolonnevis etter oppstartsår med storleik frå 1. til 10. trinn.**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Gj. snitt
1.	–	–	–	99	67	88	58	64	53	71,5
2.	–	–	119	101	112	90	63	67	73	89,3
3.	–	120	125	114	93	81	62	78	76	93,6
4.	132	120	115	106	89	74	55	76	48	90,6
5.	111	95	61	81	76	78	45	37	52	70,7
6.	79	66	69	70	62	63	35	42	33	57,7
7.	58	55	63	60	42	39	42	34	32	47,2
8.	36	55	41	34	31	36	30	37	36	37,3
9.	31	45	39	27	28	37	32	42	40	35,7
10.	32	38	28	38	21	38	33	42	41	34,6


Som tala og figuren syner, er det eit gjennomsnittleg fråfall av elevar frå samiskundervisninga for alle grupper i dei ni årskulla. For nordsamisk 1 er det ein ganske jamn lekkasje av elevar frå ein topp i første trinn til ein botn i tiande. Det er ein ørliten oppgang frå sjunde til åttande trinn, altså overgangen frå barne- til ungdomsskule (frå 84,1 til 84,7 elevar i snitt). For nordsamisk 2 og 3 er toppen i høvesvis 2. og 3. trinn og deretter ein lekkasje av elevar som er ganske jamn for nordsamisk 2, men brattare for nordsamisk 3 fram til 8. trinn før det flatar ut.

Me kan talfesta lekkasjen i prosent anten ut frå elevtalet i første trinn eller frå trinnet med det høgste elevtalet. For nordsamisk 1 er toppen i første trinn, og lekkasjen er såleis på 20,4 prosent i begge tilfelle (ned frå 96,7 til 76,2 elevar i snitt). For nordsamisk 2 er lekkasjen frå første til tiande trinn på 24,4 prosent, men rekna frå toppen i andre trinn til botnen i tiande er den på 33,6 prosent. For nordsamisk 3 er lekkasjen frå første til tiande trinn på 51,7 % og frå toppen i tredje trinn til botnen i tiande på 63,1 prosent. Den samla lekkasjen når ein ser alle tre læreplanar under eitt, er på 31,5 prosent frå første til tiande og 38,2 prosent frå topp til botn.

2.3.3 Lulesamisk og sørsamisk


Tala for lulesamisk og sørsamisk er svært små, og sjølv berre ein elev frå eller til slår difor ut på den gjennomsnittlege kullutviklinga. Me tek likevel med ei oversikt over desse elevgruppene for den same perioden som i framstillinga ovanfor (kull som starta mellom 2003 og 2011). Av personvernomsyn viser eg ikkje grunnlagstala for kvart år og kvart trinn slik som over for nordsamisk.¹ Stolpediagramma i figur 2.8 og 2.9 viser korleis elevtala i snitt for dei ni årskulla fordeler seg mellom dei tre læreplanane over trinn gjennom skuleløpet.

Figur 2.8 Gjennomsnittleg storleik og utvikling av kull med lulesamiskelevar som starta i første klasse i perioden 2003–2011



¹ Jamvel om tala er allment tilgjengelege i GSI-databasen, er dei aktuelle miljøa små, og med litt kjennskap til dei kan ein identifisere einskildindivid. Ein publikasjon som denne ville ha løfta tala fram på ein annan og meir eksplisitt måte enn når dei ligg i databasen og krev meir aktiv uthenting.

Figur 2.9 Gjennomsnittleg storleik og utvikling av kull med sør-samiske elevar som starta i første klasse i perioden 2003–2011



For lulesamisk varierer den samla kullstørleiken for alle tre lærerplanar frå 8 til 10 og for sør-samisk frå 5,9 til 7,2 i snitt.

For lulesamisk ser me vidare at det er ein markant auke i samisk 2-elevar frå femte trinn, samtidig som det er ein tilsvarende nedgang i samisk 3-elevar. Nedgangen i totaltalet på ungdomsskulen synest elles for lulesamisk å vera knytt til ein nedgang i talet på særleg samisk 2-elevar. Med så små totaltal er det nærliggjande å tru at både den bråe omfordelinga mellom samisk 2 og 3 på femte trinn og den tydelege nedgangen for samisk 2 på åttande trinn kjem av spesifikke, lokale forhold knytte til for eksempel organisering av opplæringa eller anna.

Også for lule- og sør-samisk kan me snakka om ein lekkasje frå samiskopplæringa, men lekkasjen synest mindre enn for nordsamisk. Av dei i snitt åtte elevane som byrja med lulesamiskopplæring i første klasse mellom 2003 og 2011, vil berre ein ha sluttat med det ved utgangen av ungdomsskulen. For sør-samisk, der det i snitt byrjar knapt seks elevar med samiskopplæring på første trinn (5,9), er det nesten like mange som går ut ungdomsskulen med samiskopplæring (5,7). Reknar me frå toppane i sjunde trinn, sluttar tre av ti elevar med lulesamisk og drygt tre av fjorten med sør-samisk. Ser me på førstespråkselevane, går det for lulesamisk ned frå 2,8 elevar i snitt i første trinn til 2,0 i tiande, noko som strengt teke er ein større nedgang (29 %) enn for nordsamisk (som har 20,4 %). For sør-samisk held det seg stabilt på knapt to elevar (1,9).

2.3.4 Finnmark versus Troms


Drygt 90 prosent av alle grunnskuleelevar som har opplæring i nordsamisk, bur i Troms og Finnmark. I det siste skuleåret før fylkessamanslåinga – 2019–2020 – hadde Finnmark 65,2 prosent av dei (1425 av totalt 2186), medan Troms hadde 25,8 prosent (ca. 563 av 2186).

Sjølv om begge dei tidlegare fylka har kommunar som er med i Forvaltningsområdet for samiske språk, er det i realiteten berre i Indre Finnmark ein finn lokalsamfunn der nordsamisk framleis er eit samfunnsberande språk og der majoriteten av elevane har samiskopplæring i skulen. Alle samiske kommunar i Troms er dominerte av norsk. Også kommunar i lulesamisk og sør-samisk område som er med i forvaltningsområdet, er heilt dominerte av norsk som det berande språket i lokalsamfunna. Det kan difor vera interessant å samanlikna stoda i Finnmark og Troms for å sjå om det er nokon interessante skilnader i elevtalsutviklinga som eventuelt kan knytast til det samiske kjerneområdet.

Sjølv om nordsamiskelevane i Troms utgjer ein fjerdedel av det nasjonale talet, er det i statistikken ein del kombinasjonar av årskull, læreplan og skuleår som har fem eller færre elevar. Av personvernomsyn kan ein difor ikkje henta ut samiske elevtal for Troms frå GSI-databasen.² I november 2020 fekk eg tilsendt ei oversikt over skuletala for perioden 2003/2003–2019/2020, altså fram til og med det siste skuleåret der Troms og Finnmark var eigne fylke. I denne oversikta er alle elevgrupper med fem eller færre elevar «prikka», som vil seia at det reelle talet er erstatta med *. I utrekningane mine har eg sett inn talet 4 i dei prikka cellene, noko som gjer at dei samla tala er litt unøyaktige, men utan at det har noko å seia for hovudinntrykket.


Figur 2.10 viser den kullvise elevtalsutviklinga for dei åtte årskulla som starta i perioden 2003–2010 i Finnmark, medan figur 2.11 viser det same for Troms.

Figur 2.10 Gjennomsnittleg storlek og utvikling av kull med nordsamiskelevar i Finnmark som starta i første klasse i perioden 2003–2010



² I dette tilfellet er det altså Utdanningsdirektoratet som vel å skjula tala fordi kombinasjonen av stad (kommune, fylke) og låge elevtal gjer det lettare å potensielt identifisera einskildindivid.

Figur 2.11 Gjennomsnittleg storleik og utvikling av kull med nordsamiskelevar i Troms som starta i første klasse i perioden 2003–2010



Finnmark har om lag fire gonger så mange elevar med samiskopplæring som Troms: Det er om lag 200 elevar i snitt på andre trinn i Finnmark, mot ca. 50 i Troms. Ikkje uventa liknar mønsteret for Finnmark veldig på mønsteret for landet samla (jf. figur 2.6), men me kan merka oss at talet for samisk 2 held seg meir stabilt enn både nasjonalt og ikkje minst i Troms: Medan den nasjonale lekkasjen for nordsamisk 2 var på 35,8 prosent frå ein topp i andre trinn til ein botn i tiande (jf. over), er han på heile 63 prosent i Troms (frå 27,4 til 10,1 elevar i snitt), men 17,7 for Finnmark (frå 38,1 til 31,4 elevar i snitt). Rekna frå 1. til 10. trinn er samisk 2-lekkasjen i Finnmark 7,7 prosent (frå 34 til 31,4 elevar i snitt). Den nasjonale samisk 2-lekkasjen skriv seg altså i stor grad frå eit stort tap av elevar i kommunane i Troms, og me ser dessutan ein tydeleg nedgang fram mot femte trinn før det flatar ut.

Me ser elles at medan samisk 1-elevane er i fleirtal i Finnmark, er dei i mindretal i Troms. I begge dei to områda er elevtoppen samla sett i andre trinn, og i Troms gjeld dette for både nordsamisk 1 og nordsamisk 2, medan toppen for samisk 3 er i fjerde trinn. I Finnmark er det flest nordsamisk 1-elevar i første trinn og flest nordsamisk 2-elevar i andre trinn. For nordsamisk 3 er det ein markant auke opp til andre trinn som fortset litt til tredje trinn, går litt ned att i fjerde trinn, før det kjem ein tydeleg nedgang gjennom mellomtrinnet fram mot ungdomstrinnet. Denne store nedgangen kan henga saman med at nokre kommunar i det samiske språkforvaltningsområdet i Finnmark har obligatorisk samiskopplæring, men berre på 1. til 4. trinn. I så fall vel foreldre og/eller elevane bort samisk som fag etter dette.

Overordna kan me seia at Finnmark er prega av relativ stabilitet i tala for nordsamisk 1 og 2, og om lag halvparten av elevane er førstespråkselevar. I Troms er berre om lag kvar femte elev på småtrinnet førstespråkselev, og me ser eit ganske omfattande tap av nordsamisk 2-elevar gjennom grunnskulen. Desse skilnadene mellom Finnmark og Troms er interessante og potensielt viktige for å forstå kor og korleis ein bør retta inn innsatsen for å minska lekkasjen frå samiskopplæringa.

2.4 Tolking, forklaring og vidare kunnskapsbehov

2.4.1 Kort oppsummering

Det me har sett ovanfor, inneber at kvar femte elev (20,4 %) som startar med nordsamisk som førstespråk i første trinn, sluttar med det ein eller annan gong i løpet av grunnskulelopet. Det er grunn til å tru at nokre av desse – og gjerne eit fleirtal – fortset med samiskopplæring etter læreplanen for samisk som andrespråk, men norsk vil uansett bli det viktigaste språket både for utvikling av lese- og skriveferdigheiter og for anna opplæring. Den samla lekkasjen for alle dei tre læreplanane tilseier at meir enn kvar tredje elev (38,2 %) som byrjar med nordsamiskopplæring i skulepliktig alder, sluttar heilt med det før eleven går ut av grunnskulen.

Det er vidare interessant at det høgste elevtalet for nordsamisk 2 og 3 kjem først i andre og tredje trinn. Det kan ikkje forklarast med at nordsamisk 1-elevar kjem over på denne undervisninga sidan avgangen av førstespråkselevar dei to første åra er mykje mindre enn oppgangen for andrespråkselevar. Her er det snarare nærliggjande å tru at ein ser ein direkte effekt av manglande kunnskap og informasjon om retten til og tilbod i samiskopplæring slik Riksrevisjonen har peikt på i sin rapport frå 2019 om samiske elevars rett til opplæring i og på samisk (Riksrevisjonen 2019–2020). Som me såg i avsnitt 3.2.3, er det også ein slik topp i andre trinn for samisk 1-elevar i Troms.

2.4.2 Nynorsklekkasje og samisklekkasje

Den nynorske lekkasjen i utdanninga har vore tema for ei rekke ulike granskningar, mellom anna fleire hovud- og masteroppgåver (sjå Wold 2019 for eit oversyn). Dette bytet av hovudmål frå nynorsk til bokmål er omtala i fleire viktige offentlege dokument som mellom anna St.meld. nr. 35 (2007–2008), rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur* frå 2018 (Språkrådet 2018), og det er ikkje minst tematisert i stortingsproposisjonen som låg til grunn for den nye språklova vedteken av Stortinget i april 2021 (Prop. 108 L 2019–2020).

I diskusjonen kring nynorsklekkasjen snakkar ein gjerne om ei geografisk randsone for nynorsken som tek utgangspunkt i at nynorsken har eit kjerneområde på Vestlandet i det som er dagens Vestland fylke og også Sunnmøre. Randsona er då yttergrensa av dette kjerneområdet og områda som grensar til det i nord, aust og sør, og det er særleg i denne randsona at språkbytet blant elevane er omfattande. Wold (2019) har samanfatta funn på tvers av fleire enkeltstudiar av språkbyte i den nynorske randsona, og gjennom ein analyse basert på dei sentrale omgrepene *doxa* og *habitus* frå sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu konkluderer ho med at det er etablert ei rekke «sanningar» om nynorsk som skulespråk som ikkje talar til fordel for språket: «Nynorsk blir kopla til noko uvanleg, gamaldags, bondsk og belastande, i tillegg til at det blir sett på som uviktig og vanskeleg. Å skulle velje eit språk som ber på eit slikt symbolsk innhald, er ikkje lett, og kan forklare kvifor mange vel det bort» (Wold 2019: 96).

I kva grad årsakene til den samiske lekkasjen i utdanninga er dei same som dei me finn for nynorsklekkasjen, er eit ope spørsmål, og sjølv om det er grunn til å forventa likskapar, er det likevel nokre viktige strukturelle skilnader mellom dei to lekkasjane. Eg vil særleg trekka fram to.

For det første er det ein annan «profil» på samisklekkasjen enn på nynorsklekkasjen. Bytet frå nynorsk til bokmål skjer i all hovudsak i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule og mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, altså i overgangen mellom skuleslag, og ved overgangen til ungdomsskule er det elevane sjølve som bestemmer kva dei vil ha som hovedmål. I denne undersøkinga, der me rett nok ikkje har undersøkt overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, ser me i alle fall ikkje noko tydeleg «knekkpunkt» for nordsamisk i overgangen mellom barne- og ungdomsskule. Hovudbiletet er at lekkasjen frå samiskopplæringa er ganske jamn gjennom heile skulelopet. Dette gjeld særleg nordsamisk 1 og nordsamisk 2, men også for nordsamisk 3 er det eit jamt fråfall mellom 3. og 8. trinn før det flatar ut. For nordsamisk 1 er det faktisk teikn til ein liten oppgang frå 7. til 8. trinn. For lule- og sør-samisk har me derimot sett at det er eit tydelegare knekkpunkt i overgangen frå barne- til ungdomsskule, og sjølv om me snakkar om kullstorleikar på under ti elevar i snitt, kan det vera verdt å merka seg dette: Samla for dei ni åra i utvalet er det ein stad mellom 40 og 50 enkeltelevar som sluttar med samiskundervisning etter sjuande trinn.

Den andre viktige skilnaden mellom nynorsklekkasjen og samisklekkasjen i utdanninga er at dei elevane som byter hovedmål frå nynorsk til bokmål, ikkje sluttar å læra norsk – bytet er til det meir brukte av dei to norske skriftspråka. Dessutan held desse elevane fram med opplæring og vurdering i nynorsk som ein del av norskfaget, men då som sidemål.

Korleis dette faktisk er med dei elevane som sluttar med opplæring i samisk etter dei tre ulike læreplanane, har me ikkje tal på her, men gitt at det netto fråfallet frå alle læreplanane samla er på 1/3, er det eit betydeleg tal på elevar som heilt sluttar med samiskopplæring. Og for dei 20,4 prosent som sluttar med nordsamisk 1, betyr det i alle hove at norsk blir eit viktigare språk for tileigning av særleg akademiske kunnskapar.

I ordskiftet kring den nynorske lekkasjen har det vore hevda at mange av dei som byter frå nynorsk til bokmål, gjer det av taktiske grunnar: Jamt over meistrar nynorskelevar bokmål godt og vil klara å få god karakter også i bokmål som hovedmål, samtidig som dei har betre føresetnader for å få god karakter i nynorsk som sidemål enn elevar som har hatt bokmål som hovedmål gjennom heile skulelopet. I ei undersøking gjennomført av PROBA samfunnsanalyse i 2014 (PROBA 2014) er det likevel få av «språkbytarane» som oppgir dette som grunn for skiftet av hovedmål. Derimot verkar det som ein viktigare grunn at dei føler dei meistrar bokmål best av dei to skriftspråka og difor ønskjer å ha det som hovedmål.

2.4.3 Årsaker til den samiske lekkasjen

Det er under alle omstende grunn til å tru at forklaringa på den samiske lekkasjen i grunnskulen er samansett, slik også årsakene til nynorsklekkasjen er. Det ligg utanfor ramma for talknusinga i denne artikkelen å avdekka kva årsakene er, men systematiske undersøkingar av det bør komma, og me kan peika på nokre forhold det kan vera god grunn til å sjå nærmare på.

Elevtalet for samisk 1 er prega av ei forholdsvis jamn avskaling gjennom skulelopet. Denne læreplanen legg til grunn at elevane har ein sterk kompetanse i samisk når dei byrjar på skulen – normalt er det berre elevar som har samisk som heimespråk eller har gått i samiskspråkleg barnehage, som byrjar på skulen med samisk som språket for den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Kanskje er hovudårsaka til at ein del elevar går over på norsk som hovedspråk, at samiskkompetansen deira ikkje er sterk nok til å følgja samisk 1-planen? Er norsk-kompetansen deira sterkare? Kven gjer i så fall den vurderinga at dei bør slutta med samisk 1? Er det skulen, foreldra eller elevane sjølve, eller skjer det i samråd mellom desse? Spørsmålet om taktiske årsaker knytte til karakterar kan spela inn for elevane, bør også undersøkast.

Samtidig som ein spør seg om manglande samiskkompetanse, eller eventuelt sterkare norsk-kompetanse, fører til at nokre sluttar med samisk 1, bør ein også sjå nærmare på den gjeldande pedagogikken for samisk 1. Legg han for einsidig vekt på at elevane allereie skal ha samisk som det sterkeste språket sitt, eller finst det måtar å tilpassa undervisninga også til elevar som i utgangspunktet har sterkare språkkompetanse i norsk eller eit anna ikkje-samisk språk? I den norske skulen er det til samanlikning mange elevar som har andre førstespråk enn norsk, og sjølv om det for nokre av desse kan vera aktuelt med morsmålsstøtte eller tospråkleg fagopplæring, er det aldri snakk om at norsk ikkje skal vera hovedspråket deira på skulen.

Det kan også vera strukturelle og fagleg-sosiale forhold som gjer at elevar forlet samisk 1-undervisninga. I kommunar med få samiskelevar kan gruppene bli små og sårbar. Tilgangen på kvalifiserte lærarar kan vera vanskeleg.

For samisk 2 og 3 kan strukturelle forhold rundt organiseringa av undervisninga synast å spela ei særskilt viktig rolle. Mellom anna har me sett at det høgste elevtalet for desse læreplanane kjem først i andre og tredje trinn, og det er nærliggjande å tilskriva dette manglande informasjon frå skuleeigar om retten til samiskopplæring. Me ser vidare ein markant lekkasje frå nordsamisk 3 gjennom mellomtrinnet før det flatar ut på ungdomstrinnet: Noko av dette kan kanskje forklarast med at samiskopplæring er obligatorisk på småtrinnet i somme kommunar i Finnmark, men også i Troms ser me ei liknande kurve. For lulesamisk 2 og 3 ser me eit tydeleg byte mellom småtrinn og mellomtrinn til fordel for lulesamisk 2, og sidan totaltala er så små og dei fleste lulesamiske elevar bur i eit konsentrert område nord i Nordland, er det nærliggjande å tru at dette kjem av heilt spesifikke forhold knytte til organiseringa av opplæringa eller andre lokale forhold. For både lulesamisk og sør-samisk er det eit tydeleg nedgang i elevtalet i overgangen frå mellomtrinn til ungdomstrinn, og også her kan ein mistenka at strukturelle forhold gjer seg utslag. Særleg for sør-samisk, som er spreidd over eit stort geografisk område, kan ein sjå for seg at det er eit fragmentert og sårbart undervisningstilbod på ungdomstrinnet.

2.4.4 Språkbevaring versus språkvitalisering

NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk* opererer med eit skilje mellom samiske språkbevaringskommunar og språkvitaliseringsskommunar, som enkelt sagt inneber at i den førstnemnde kategorien er samisk språk eit komplett og samfunnsberande språk innanfor dei fleste samfunnsområde, medan det i den andre kategorien er behov for tiltak som kan vitalisera samisk språk. På eit overordna nivå utgjer dette ein parallelle til det skiljet mellom kjerneområde og randsone ein gjerne snakkar om i samband med nynorsk, jf. avsnitt 4.2.

Per i dag er det berre i Finnmark ein finn språkbevaringskommunar, og utvalet bak utgreiinga definerer Unjarga/Nesseby, Deatnu/Tana, Kárášjohka/Karasjok og Guovdageiadnu/Kautokeino som slike kommunar. Alle andre kommunar i det noverande Forvaltningsområdet for samisk språk er definerte som språkvitaliseringsskommunar, og det finst såleis ingen språkbevaringskommunar i lulesamisk og sør-samisk område. I tillegg peiker utvalet på nokre storbykommunar som har mange samiske innbyggjarar, og også samiskelevar, og som bør få eit særleg ansvar for samiske språk: Tromsø, Bodø, Trondheim og Oslo.

Dette skiljet mellom språkbevaring- og språkvitaliseringsskommunar er relevant for å forstå dei forskjellane mellom Finnmark og Troms som me såg på over. Finnmark har det desidert største talet på samiskelevar i landet (65,2 prosent av alle nordsamiskelevar), men også Troms har ein ganske stor del (25,8 prosent av alle nordsamiskelevar). Det at førstespråkselevane er i fleirtal i Finnmark, men i mindretal i Troms, kan tolkast som ein direkte effekt av at store delar av Finnmark utgjer eit kjerneområde for samisk språk der det framleis er samfunnsberande på mange område. Ein stor del av elevane har det som både førstespråk og heimespråk og dessutan som opplæringsspråk på skulen, og dei møter språket i mange samanhengar også utanfor skule og heim.

Av same grunn er det forståeleg at lekkasjen frå samisk 2 er monaleg mindre i Finnmark enn i Troms. Samisk 2 er ein læreplan retta mot elevar som kan ein del samisk når dei byrjar på skulen, og ein del av elevane har sannsynlegvis dessutan samisk som førstespråk ved sida av norsk. I Finnmark vil mange av desse samisk 2-elevane bu i språkbevaringskommunar med samiske skulemiljø, der dei ikkje minst i større grad enn i Troms har tilgang til samiskspråklege arenaer også utanfor skule og heim. Dette støttar truleg opp under motivasjon og vilje til å halda på samiskopplæringa gjennom skulelopet. I tillegg kan ein også sjå føre seg at kommunane i Finnmark i større grad er i stand til å gi eit godt opplæringstilbod for samisk 2 på alle trinn.

Men også i Finnmark er det kommunar med mange samiskelevar der norsk er det dominerande språket. Det gjeld ikkje minst bykommunen Alta, som åleine har om lag 15 prosent av alle nordsamiskelevar i landet. Tal for korleis den kullvise elevtalsutviklinga er i Alta, kan av personvernomsyn ikkje hentast ut av GSI-databasen, men som Hætta (2018) skildrar, opplever samiske foreldre i Alta store utfordringar rundt vidareføringa av samisk språk til borna sine, der nokre av utfordringane knyter seg til skulesituasjonen.

Alle samiske kommunar i lulesamisk og sørsamisk område er språkvitaliseringskommunar, og elevane i desse kommunane har såleis ein kvardag der dei er omgitt av norsk i dei fleste situasjonar. I tillegg er desse elevgruppene små. Dei er difor ekstra sårbare for strukturelle forhold knytte til undervisningstilbodet. Sidan totaltala er små, er det vanskeleg å sjå eintydige mønster i kullutviklinga ut over bytet mellom lulesamisk 2 og 3 og nedgangen på ungdomstrinnet som har vore peikt på over.

Noko anna elevtalsstatistikken ikkje seier noko om, er kva forhold elevane får til samisk språk seinare. Vil ein del av dei som sluttar med opplæringa, likevel vera aktive samiske språkbrukarar eller ikkje? Eller vil det vera slik at somme av dei seinare i livet gjer ein innsats for å bli aktive språkbrukarar – såkalla *nye talarar* eller *oddahállit* («New Speakers») (sjå Rasmus 2019), og kva vil i så fall den avslutta opplæringa dei fekk på skulen, ha å seia for dei då? Med andre ord: Vert noko av lekkasjen vunnen tilbake? Og kva rolle speler skiljet mellom språkbevarings- og språkvitaliseringskommunar for denne gruppa?

2.5 Konklusjon

Svært ofte når det vert presentert tal på samiskelevar, vert det lagt vekt på om tala har gått opp eller ned sidan året før. Dei siste åra har tala jamt over gått oppover, og ein har med god grunn kunna glede seg over det: Med eit større brutto tal på elevar er det også håp om eit større netttotal på kor mange som fortset med samiskopplæring gjennom heile grunnskulen.

Og eit kollektivt perspektiv – for framtida til samisk språk og talet på aktive brukarar og språkberarar – er det til sjuande og sist nettopp nettotalet som er viktig: Kor mange elevar gjennomfører grunnskulen med nok samiskopplæring til anten å vera aktive og kompetente samiske språkbrukarar eller til å ha fått eit grunnlag som kan gjera dei til dette gjennom vidare opplæring?

Målet med denne artikkelen har vore å kasta lys over korleis talet på samiskelevar utviklar seg gjennom grunnskuleløpet. Med det har søkelyset vorte flytta frå elevtal per skuleår til elevtalsutvikling i årskull, og me har avdekt at det er eit ganske stort antal elevar som sluttar med samiskopplæring i løpet av skulegangen.

Ein kan sjølv sagt spørja seg om denne lekkasjen av samiskelevar berre er noko ein må leva med: Å vera ein minoritetsspråkbrukar krev i dei fleste tilfelle ein ekstra innsats og ein ditto stor porsjon motivasjon, og det er ikkje gitt at alle har den motivasjonen som skal til. Men for dei samiske språka sin del, som alle er rekna som truga i større eller mindre grad, er det liten tvil om at det er ønskjeleg at så mange som mogleg skal få så mykje som mogleg opplæring i samisk. Og særleg viktig er det at born og unge lærer og utviklar produktiv samiskkompetanse sidan det for dei fleste enkeltpersonar krev ein endå større innsats å oppnå ein sterk kompetanse i vaksen alder.

På same måte som den nynorske lekkasjen i utdanninga er vorten ein sjølv sagt del av det offentlege ordskiftet om språk i Noreg, bør også den samiske lekkasjen i utdanninga bli det.

Når slike tema finn vegen inn i sentrale styringsdokument, er sjansane større for at dei vert tekne på alvor.

Og når me no har avdekt dette nokså omfattande tapet av samiskelevar – kvar femte første-språkselev, kvar tredje andrespråkselev (samisk 2) og to av tre samisk 3-elevar – er det neste steget å avdekka kva årsakene til fråfallet er. Her er det berre peikt på nokre moglege årsaker, og ein breiare diskusjon om dette bør leia fram til meir målretta undersøkingar som kan gi djupare analysar og sikrare svar.

På bakgrunn av dei svara som kjem fram – og det er all grunn til å forventa at dei vil utgjera ein samansett vev av forklaringar – blir den neste oppgåva å treffa tiltak for å minska lekkasjen frå samiskopplæringa. Kva tiltaka skal vera, vil heilt sikkert variera frå gruppe til gruppe og kontekst til kontekst, men eit overordna prinsipp vil sannsynlegvis vera å gjera det så lett som mogleg – og også attraktivt som mogleg – å ha samisk som skulefag. I diskusjonen ovanfor har me peikt på skilnaden mellom *språkbevarings-* og *språkvitaliseringsskommunar* som heilt sentral, og det er truleg viktig å retta inn ein særleg innsats i område der samisk i dag ikkje er det samfunnsberande språket.

Men eit spørsmål som også må løftast, er om dei læreplanane for samisk som finst i dag – samisk som førstespråk (samisk 1) og samisk som andrespråk (samisk 2 og 3) – er fleksible nok og/eller offensive nok til å komma eit mangfold av behov hjå samiskelevene i møte. I dag finst det til dømes ikkje ein pedagogisk modell for samiskopplæringa som har som mål å gjera samisk til opplæringsspråk for born som i utgangspunktet ikkje har ein sterk samiskkompetanse frå før. Så, like interessant som å sjå på korleis ein kan unngå at samisk 1-elevar sluttar, kan det vera å sjå på korleis ein kan få samisk 2- og 3-elevar til å bli samisk 1-elevar. Slike språkbadsmodellar finst for andre nasjonale minoritetsspråk i andre land, og kanskje er tida kommen for å diskutera når og korleis det skal innførast også for samisk i Noreg?

2.6 Tilrådingar

- Når samiske elevtal vert presenterte, bør ein òg følgja med på den kullvise utviklinga.
- Det er eit netto fråfall av samiskelevar gjennom grunnskulelopet for alle læreplanar. I seinare tid er fråfallet på om lag 20 prosent for samisk 1, over 30 prosent for samisk 2 og over 60 prosent for samisk 3. Det er all grunn til å undersøka nærmare kva årsakene til denne samiske lekkasjen i utdanninga er, og kva ein kan gjera for å minska han.
- Den samiske lekkasjen i utdanninga bør løftast og bli ein del av det offentlege ordskiftet både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Den samiske lekkasjen i utdanninga aktualiserer skiljet mellom samiske språkbevarings- og språkvitaliseringsskommunar og erkjenninga av at det trengst differensierte tiltak i desse kategoriene.

I eit vidare perspektiv aktualiserer også den samiske lekkasjen i utdanninga ein diskusjon om dei eksisterande læreplanane for samiskopplæring er dei beste for at skuleverket skal vera eit effektivt verktøy i arbeidet for å vitalisera samisk språk i Noreg, eller om det finst betre alternativ.

Referansar og datakjelder

Grepstad, Ottar (2004). Den språklege lekkasjen. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ivar Aasen-tunet, Ørsta, 29. september 2004. Publisert som kapittel 4 i Grepstad (2012).

Grepstad, Ottar (2012). *Draumen om målet: Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*. Samlaget.

Hætta, Lena Romsdal (2018). «*Fievr ridit sámegiela viidáset mánáide lei ollu váddáset go ledjen doivon*»: Sámegiela dili guorahallan Álttáš. Masteroppgåve, Sámi allaskuvla.

NOU 18 (2016). *Hjertespråket — Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-18/id251522/> Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

PROBA (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2014 – 07, PROBA Samfunnsanalyse. <https://proba.no/rapport/undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal/>

Prop. 108 L (2019–2020). *Lov om språk (språklova)*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>

Rasmus, Sini (2019). *Sámi odđahállit: Sosiolingvisttalaš guorahallan: go sápmelaš sámástišgoahtá rávisolmmožin*. Masteroppgåve, Sámi allaskuvla.

Rasmussen, Torkel (2015). Samisk språk i grunnskolen og videregående opplæring. Samiske tall forteller 8, 17–41.

Riksrevisjonen (2019–2020). *Undersøkelse av samiske elevers rett til opplæring i og på samisk*. Dokument 3:5. <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter-mappe/no-2019-2020/undersokelse-av-samiske-elevers-rett-til-opplaring-i-og-pa-samisk/>

Språkrådet (2018). *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*. <https://sprakinorge.no>

St.meld. nr. 35 (2007–2008). *Mål og mening — Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-id519923/> Kultur- og kyrkjedepartementet.

Wold, Ingrid (2019). Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting* 10 (2019): 77–99.

<https://septentrio.uit.no/index.php/malbryting/article/view/4825>

Datakjelder

Grunnskolens informasjonssystem (Utdanningsdirektoratet): <https://gsi.udir.no>

Nordsamisk 2003–04 til 2019–20 (Troms og Finnmark). Utrekk med prikking (xls-fil) frå Utdanningsdirektoratet, sendt 24.11.2020 av førstekonsulent Sindre Mikael Haugen.

Fagvalg i videregående skole – elever (Utdanningsdirektoratet): <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/fagvalg-i-videregaende-skole/fagvalg-vgs/>